



INFORMASJONSHEFTE OM

Heddeli barnehage

Seljord kommune



Adresse: Gullnesvegen 13, 3840 Seljord
Telefonnummer: 35051352 / 35051353 (småbarna)
E-post: heddeli.barnehage.@seljord.kommune.no
Styrar: Kristin Gaarder
Opningstid: Måndag til fredag kl.07.30 – 16.30
Barnehagepersonalet har 5 planleggingsdagar i året. Då er barnehagen stengd. I tillegg er barnehagen stengd f.o.m. jolaften t.o.m. 1.nyttårtdag, og i veke 29 og 30 om sommaren.

Seljord kommune si heimeside: www.seljord.kommune.no

Revidert juni 2011

Organisering

Barnehagen har omlag 64 plassar for barn frå 1 år.

Dei yngste barna har egne lokalar og eigen leikeplass. Når dei treng fleire utfordringar vil barna bruke inne og ute lokalitetar til dei eldste barna.

Dei eldste barna bruker resten av huset og den store leikeplassen.

Barnehagen har og ein lavvo og bål plass i skogen som alle gruppene bruker.

Barna har sin base i aldersdela grupper. Kvar gruppe har sitt faste personale og kvart barn har sin kontaktperson.

Vi vil at barnehagen skal vere ein heilskap, difor er vi saman på tvers av gruppene i leikeperiodane, med unntak av dei yngste barna.

Frå omlag kl.10.00 – 12.30 er vi i dei aldersdela gruppene. Då er det tilrettelagte aktivitetar, temaarbeid, turar, måltid og garderobe.

Informasjonsrutinar

Alt innhald i barnehagen er bygd på Lov om barnehagar, nasjonal og lokal rammeplan.

Informasjon og planar for kortare periodar heng på oppslagstavla ved inngangspartia. Planane får foreldra også med seg heim.

Der heng også praktisk informasjon og beskjedar til heimane.

På benken ved inngangspartia ligg ei dagbok der vi skriv litt om kva vi har gjort gjennom dagen. Nokre dagar står det og ein PC framme med bilete frå dagen.

Her ligg og lister som fortel kva for barn og vaksne som er i barnehagen til ei kvar tid.

Årsplanen, som er barnehagen sitt program for barnehageåret, kjem i august/september.

Dagsrytme

07.30	Barnehagen opnar
08.00 - 09.00	Frukost
10.00 – 12.30	Arbeid i grupper, måltid, garderobe
12.30 - 16.30	Uteleik og inneleik
14.00	Enkelt brødmåltid. Frukt og grønsaker.
16.30	Barnehagen stenger

Alle klokkeslett er omtrentlege.

Dei minste barna et og søv etter avtale med foreldra

Starten på dagen

Barna kryssast inn. (p.g.a. brannforskrifter)

For å få mest mogleg ro om morgonen ønskjer vi at foreldra følgjer barnet frå garderoben og inn på det rommet barnet skal/vil vere.

Vi synest det er bra om foreldra har tid til å vere litt i barnehagen.

Måltid

Det er tilbod om enkel frukost; havregryn, av og til graut, knekkebrød og brød mellom kl.8.00 og kl. 09.00.

Formiddagsmat er omlag kl 11.30. Dette er hovudmåltidet.

Ved formiddagsmåltidet legg vi vekt på å lære barna å smøre mat, helle mjølk og liknande.

Barna skal lære bordskikk, som t.d. ”kan du sende meg osten”.

Barna skal også få kunnskap om kva som er sunn mat.

Vi legg vekt på at måltidet skal vere hyggeleg.

Vi startar måltidet med ein bordsong.

Til formiddagsmat et vi brød og vanleg pålegg. Kvar 14. dag har vi varm mat.

Litt frukt, grønnsaker og brød blir servera ca. kl.14.00

Maten kostar kr.300,- pr. måned for 5 dagars tilbod.

Slutten på dagen

Barna kan bli urolige når leikekameraten reiser heim. Dei kan og vere slitne på denne tida, og treng personalet si merksemd. Vi ynskjer difor at foreldra kjem dit barnet er.

Personalet vil gjerne fortelje litt om korleis dagen har vore for barna, men det er ikkje alltid ein får dette til. Ta difor gjerne kontakt med personalet. **Det er og fint for alle å seie ”ha det, takk for i dag.”**

Barna kryssast ut. (p.g.a. brannforskrifter)

Oppfølging av kvart enkelt barn

Den fyrste tida i barnehagen vil barnet møte mange nye vaksne. Barnet treng tid til å bli kjent i barnehagen og få tillitt til nokre av dei vaksne. Foreldra må difor setje av tid til å fylgje barna i barnehagen dei fyrste dagane og vere tilgjengelege ved behov i oppstartfasen. Mange arbeidsplassar gjev inntil 3 dagar permisjon for tilvenning i barnehage.

Kvart barn har sin kontaktperson som hjelper barnet til å bli kjent i barnehagen.

Når barnet startar i barnehagen, er kontaktpersonen viktig.

Etter kvart får barnet like mykje med andre i personalet å gjere.

Alle barna blir følgd opp ved systematisk og usystematisk observasjon.

Frå barna er 3 år har dei ei barnesamtale der barnet og kontaktpersonen har ei strukturert samtale om livet i barnehagen slik barnet opplever det.

Barnet sitt utbytte av barnehageopphaldet blir drøfta med foreldra i foreldresamtaler.

Den daglege kontakten ved levering og henting er den viktigaste samarbeidsforma mellom foreldra og personalet.

Det er avgjerande å få opplysningar om barnet si helse, behov, ønskjer og opplevingar, slik at vi kan gje barnet best mogleg omsorg og oppfølging.

Sjuka barn

Folkehelseinstituttet har laga retningslinjer for barn og sjukdom i barnehagen. Barnehagen følgjer disse. Dei heng som oppslag i barnehagen

Innhald i barnehagen

Personalet ønskjer å skape ein barnehage fylt med leik, læring, humor, glede og tryggleik for barn, foreldre og personalet.

Personalet legg vekt på ein roleg og hyggeleg barnehagedag med minst moglege avbrot i leiken til barna. I leiken skjer det viktige læreprosessar. Samspel mellom barn – barn og barn - vaksen er viktig i denne samanhengen. Personalet vil vere aktivt deltakande og observerande i leiken og aktivitetane til barna. Dei skal vere utviklingsstøttande . Det betyr å sjå og støtte det enkelte barn sin utvikling ut frå personlegdomen til barnet, og i leik og gjeremål tilføre nye moglegheiter og innhald. I samvær med barna, enkeltvis og i grupper, legger vi stor vekt på samtalen som metode.

Utvikling av god språkforståing er viktig for å meistre mykje anna i leik, læring og samvær med andre. Vi har difor stort fokus på språk og har eigne språkgrupper for barn som ikkje har norsk som morsmål.

Vi har fokus på korleis den vaksne møter det enkelte barn slik at barnet sin integritet blir ivaretatt samtidig som omsynet til dei andre barna også blir ivaretatt. Å hjelpe barna til utvikling av sosial handlingsdugleik, språk og kommunikasjonsevne vil vere med på å førebygge diskriminering, mobbing, utjamne sosiale forskjellar og likestille gut og jente. Utvikling av sosial kompetanse hos barn er nødvendig for å kunne vere saman med andre, løyse konflikhtar, vere hjelpsam, arbeide i grupper, samarbeide og forstå korleis andre har det. Slike ferdigheitar meiner vi ein må utvikle for å kunne bidra til eit likestilt samfunn. Grunnlaget for desse ferdigheitane blir lagt i førskulealder. Personalet legg vekt på å hjelpe barna til å utvikle desse ferdigheitene. I foreldresamtalar vil m.a. desse områda av barnet sitt liv i barnehagen bli tatt opp.

Tema i aldersdela grupper

Barnegruppene skal jobbe med følgjande tema som innhaldsmessig og metodisk vil endre seg noko frå år til år.

1-2 åringane

Utvikling av ”eget”. Kven er eg?

Barna skal vite kva kroppsdelane heiter, kjenne til omgrep som familien sin, namn på plassen der dei bur, barnehagen og nærområdet til barnehagen.

2-4 åringane Barna skal bli kjent med lokale segn/historier. Alle skal kjenne til segnet om Tussen som bygde kyrkja, saga om sterke Nils, segna om sjøormen og songen om Bån og veslegut. Barna skal bli kjent med kyrkja som kulturhus, biblioteket, Dyrsku´plassen, Heddeli bo og seVICESENTER, namn på fjella rundt Seljord, treartar, blomar og dyreliv i nærområdet til barnehagen. Barnegruppene treffer barna i Tussejuv gjennom året.

5 åringane

Bli kjent med skulen, sjukeheimen, Granvin, og barna i Tussejuv barnehage. Barnehagen har saman med Tussejuv barnehage ein samarbeidsavtale med barneskulen. Den legger opp til diverse besøk hos kvarandre i løpet av året. Vi har eit gymopplegg på Granvin saman med 5-åringane i Tussejuv barnehage.

Barna skal og dramatisere eit lokalt segn.

Uteliv og klede:

Vi legg vekt på å vere mykje ute. Så langt det let seg gjere kan barna velje når dei vil vere ute eller inne, men alle må vere ute i løpet av dagen.

Vi går mykje på turar, både i store og små grupper. Alle gruppene er i lavvoen i løpet av veka med unnatak av 1-åringane

Det er difor viktig at barna har godt med uteklede, regntøy og skifteklede med i barnehagen.

BARNES RETT TIL MEDVERKNAD

I Rammeplanen er det tydelege signal om at barna skal vere med å bestemme i sitt eige barnehageliv og vere medskaparar av eigen barnekultur.

Frå Rammeplanen:

”Barns egne interesser og spørsmål bør danne grunnlaget for læringsprosesser og temaer i barnehagen. Hvordan personalet møter barns uttrykk gjennom kropp, språk, følelser og sosiale relasjoner har betydning for deres læring. Vennskap og tilrettelegging for gode relasjoner i barnehagen er forutsetning for god læring og opplevelse av glede og mestring.”

Dei siste åra har barnehagen fokusera på vaksenrolla. Personale prøver å ha eit systematisk fokus på vaksenrolla med tanke på korleis barna kan virke med i sitt eige barnehageliv.

Vi forstår barns rett til medverknad som barns rett til å bli sett, til å bli høyrte, bli respektera og til å delta og prøve seg fram.

Kravet i Rammeplanen til korleis personalet skal møte barna er tydelege og omfattande. Dette er spesielt tydeleg innafor dei enkelte fagområda.

Fagområda er:

- Kommunikasjon, språk og tekst**
- Kropp, bevegelse og helse**
- Kunst, kultur og kreativitet**
- Natur. Miljø, teknikk**
- Etikk, religion og filosofi**
- Nærmiljø og samfunn**
- Antal, rom og form**

Fagområda går i kvarandre og i løpet av ein barnehagedag og eit barnehageliv er vi innom alle fagområda meir eller mindre. Nokre av fagområda kjem meir i fokus i tema – arbeid i dei ulike gruppene.

Meir om innhald finn du i omtala av den einskilde gruppa i årsplanen.

OVERGANG FRÅ BARNEHAGE TIL SKULE

Siste året før skulestart skal barna bli kjent med skulen, skuleplassen og nokre av lærarane. Tussejuv barnehage, Heddeli barnehage og Seljord barneskule har ei samarbeidsavtale. For å bli betre kjend med barna frå Tussejuv barnehage har barna eit felles gym-opplegg på Granvin i januar og mars. Barnehagane møtast om lag ein gong i månaden. I løpet av våren aukar samværet mellom barnehagane.

Kontakt heim – barnehage

Vi meiner at godt samarbeid mellom foreldra og personalet er viktig for at barna skal trivast i barnehagen og for at dei skal få ei god utvikling.

Personalet har gjennom samtalar med foreldra fått det inntrykk at den beste arena for kontakt er det daglege møtet morgon og ettermiddag.

Bli ei stund i barnehagen dersom du har tid ein dag!

Du kan ta ein kopp kaffi om morgonen eller bli med på samlingstunder og turar dersom du har høve til det.

I løpet av barnehageåret har vi 4-5 arrangement for foreldre og barn.

I foreldresamtalar, som regel to gonger i året, blir barnet sitt utbytte av barnehageopphaldet tatt opp. Foreldre og personalet finn saman ut kva ein skal legge vekt på i oppfølginga av barnet.

Spørsmål omkring barndom og oppseding blir tatt opp på ein temakveld i løpet av vårhalvåret.

Dersom det er noko du ikkje er fornøgd med, noko du lurar på eller noko du synast er bra, vil vi gjerne høyre det. Barnehagen skal tilpasse seg mange forskjellige heimar, ynskjer og behov.

Difor er vi avhengige av å høyre kva foreldra meiner for å gjere ein best mogeleg jobb.

Foreldreråd

Alle foreldra er medlemmer av foreldrerådet. Leder og nestleiar blir vald for eit år på foreldremøte i august/september.

Foreldrerådet skal være eit forum der alle foreldra kan møtast og diskutere ønskjer og behov og kome med forslag til barnehagen.

Samarbeidsutval

Samarbeidsutvalet består av 2 representantar frå foreldra, 2 representantar frå personalet og 1 representant frå eigar, dvs. ein politiskar. Styrar er sekretær. Utvalet konstituerar seg sjølv på fyrste møte i september. Tilsett - og foreldrerepresentantane blir vald for eit år.

Samarbeidsutvalet skal vere med å drøfte barnehagen sitt innhald og fremme kontakt mellom barnehagen og heimane.

HØGTIDER OG MERKEDAGAR

Bursdagar blir markera med at barna tenner ljøs, vel bursdagssong og er med å heise flagg. Ekstra frukt blir servera.

Barnehagen vil ikkje dele ut invitasjonar. Bursdagselskap føregjeng i heimane, og av erfaring blir det vanskeleg for einskilde barn.

Barnehagen kan berre vere til hjelp med å distribuere invitasjonar til fødselsdagsfeiringar i heimane dersom heile barnegruppa eller heile gut / jente gruppa blir invitert (årskullet). Dette fordi ingen skal oppleve å bli halde utanfor i barnehagen. Foreldra oppfordras til ikkje å snakke så mykkje om fødselsdagsselskaper dersom berre nokre i barnegruppa blir invitert. Dette fordi personalet opplever at barna bruker slike høve til å styrke posisjonar og lage konflikter som er uheldige for samhaldet og leiken

Dei ulike gruppene har alltid eit tema-arbeid knytt til **Dyrskule**.

FN dagen og verdensbarnedagen blir markera med fokus på barn som har ein eller begge foreldra frå andre kulturar.

Jol og advent blir markera med tradisjonell bakst, julepynt, songar og forteljingar.

Fastelavnstida blir markera med bolle- bakst og karneval.

Påske blir markera med egna litteratur, songar, formingsaktivitetar og sett i samanheng med våren.

17.mai blir markera med forteljingar om 17.mai, barna lærer nasjonalsongen og andre 17.mai songar. Barna lærer om flagget.

DOKUMENTASJON, VURDERING OG PERSONALUTVIKLING

Personalmøte blir bruka til drøftingar og refleksjon om korleis vi kan skape ein barnehage som er i tråd med Rammeplanen.

Lokal Rammeplan for Seljord gir ei kortfatta informasjon om den felles målsettinga kommunale barnehagar i Seljord arbeidet etter og kva barnehagane skal vurdere.

Barnehagen som organisasjon, om vi arbeider i forhold til lokale og sentrale målsettingar og om dei pedagogiske metodane vi bruker fungerer, blir vurdert i personalmøta, på planleggingsdagar, i samarbeidsutval og i samtalar med barna og foreldra. Fagtreff, pedagogmøtar, delar av planleggingsdagar, medarbeidersamtaler og personalmøtar blir bruka til personalutvikling.

Det enkelte barn sitt utbytte av barnehagedagen blir vurdert gjennom observasjon, i personalmøtar, i foreldresamtaler og i samtalar med det enkelte barn.

Alle barnegruppene har PC som blir bruka i det pedagogiske arbeidet bl.a. til dokumentasjon. Barnehagen har samla lokale segn, soger, historier, songar m.m. Det skal kvart år dokumenterast kva for lokale segn og liknande den enkelte barnegruppe har jobba med.

Utstilling i garderobane, tekstskaping, bilete, teikningar, måleri m.m. på veggane dokumenterar og det arbeidet som blir gjort av barn og vaksne i barnehagen.

TRAS og MIO er enkle kartleggingsverktøy for språk, omgrep og sosiale ferdigheter. Vi nyttar desse i oppfølging av det enkelte barn.

Når barna sluttar i barnehagen får dei med seg ei mappe med eit utval arbeid dei har laga gjennom åra.